

Fra: kjell risholm [kjellris@hotmail.com]
Sendt: 15. august 2011 22:53
Til: Sørensen Jan
Emne: Breim kraftverk i Storeelva

Som eigar av g/brnr 81/10 i Breim har eg nokre merknader til ei evt. utbygging av Breim kraftverk i Storeelva.

Frå her vi bur har vi panoramautsikt over Breimsvatnet, frå kaia ved kyrkja, båthavna, Reed Camping og Storeelva der ho renn ut i Breimsvatnet. Ved ei utbygging der vatnet frå elva/kraftverket vert sleppt ut innafor Seime og berre ein liten del kjem ut det noverande elveutløpet fryktar eg at dette vil skade på fleire måtar. Det visuelle med elvestraum ut i vatnet vil bli borte, gyteplass i elva vil bli skadelidande og ein god fiskeplass bli borte. Når vi er på vatnet og fiskar, oftast med oter frå båt, er området frå kaia og forbi elveosen og inntil neset på Seime den sikraste plassen for å få fisk. Har prøvd langs land mange plassar, men i dette området får vi alltid fisk, fin fisk.. Elva fraktar mat til fisken, men med så lita minstevassføring som er planlagt, vil nok dette forsvinne. Dette vil redusere verdien av området for både fritidsfiske og næring (campingplassen). Elva fraktar og store mengder sand som legg seg som sandbankar ut forbi elva. Desse ressursane blir nytta av grunneigarar, dette vil og bli borte. Denne massa vil vel lage problem for turbinar, men det har nok utbyggjar tenkt på. Eg og mange vil oppfordre NVE til å pålegge utbyggjar andre alternativ på utløp frå kraftverket der vatnet blir tilbakeført til elva før Seime bru og på den måten redusere skadane elva elles vil få, både på livet i elva, dei som er avhengige av det naturlege utløpet av elva (campingplassen) fritidsfiskarane og det visuelle. Vil gjerne seie at eg ikkje er i mot kraftutbygging eller linjer som fraktar straumen, men å redusere skadeverknadar og ulemper med å velge rett utløp/trasear til minst ulempe må vere krav ein må kunne stille.

Mvh

Kjell Risholm, 6827 Breim
kjellris@hotmail.com